

Referat frå møte i FAU Kleppe skule 22.11.2016 kl 1900

Til stades

1.trinn	Therese Rørtvedt (vara)
2.trinn	Inghild Versland
3.trinn	Silje Tjøtta Haga (vara)
4.trinn	Kenneth Lea
5.trinn	Dag Folkvord
6.trinn	May Linn Hovden
7. trinn	Kristin Skjærpe
SFO	Hege Eshagi
Skulen:	Astrid E. Lunde

Referent: Kristin Skjærpe

1. Godkjenning av referat frå 25.10.2016

Referatet blei godkjent

2. Partnerskap mot mobbing

Dag informerte om møte i arbeidsgruppe for partnerskap mot mobbing. Gruppa består av FAU representant, representant frå skule og elevråd.

Oppdatert skriv "Foreldretiltak mot mobbing" var vedlagt i innkallinga, og i møtet vart det diskutert om vi hadde fleire innspel til skrevet.

Kenneth kom med erfaringer fra refleks løype arrangement som ein av klassane på 4.trinn hadde på Gunnarsberget

Kenneth fekk aksjon på å beskrive arrangementet kort og sende til leder i FAU som innspel til foreldre håndboka

Det kan være opplegg i foreldremøta for å få fleire innspel til foreldretiltak mot mobbing for eksempel ved å arrangere "kafedialog" (diskutere i små grupper). Dette kan også være ein måte på å gjere foreldremøta meir interessante og aktive og sikre betre deltaking på foreldremøta.

Skrevet foreldretiltak mot mobbing legges inn i håndbok for foreldrearbeid og evt på heimesida til FAU. Skrevet kan brukast som info på foreldremøte.

3. Erfaringer frå refleksdemonstrasjon

Det blei arrangert refleksdemonstrasjon for 1. trinn på taket av Jærhagen den 1. November. Opplegget fungerte OK. Oppmøtet kunne vore betre. Mulig oppmøtet hadde vore betre hvis været hadde vore OK. Det var og litt vanskeleg å høyre instruksjoner som blei gitt pga av ver og vind.

4. Programvare på Ipad, brev til skulesjefen

Dataprogram som brukast av klassane som har nettbrett er kun tilgjengelig på bokmål. FAU har laga forslag til brev som skal sendast skulesjefen der me ber om at skulesjefen tar problemstillinga opp med leverandør av læremateriell og vidare tar saka opp i jærskulen for å samla kunne leggja press på forlaga om å gjera programvaren tilgjengeleg på nynorsk
Forslag til brev vart gjennomgått i møtet. FAU leiar sender brevet på vegne av FAU

5. Aktuelt fra skulen

Rektor orienterte om skulesaka. Kommunen har lagt fram eit forslag om å utvide Kleppe skule med nytt bygg ved Sirkelen som skal brukast av 5.-7.trinn
Skulen har sendt innspel om at dei ikkje ønsker at Kleppe skule blir delt i 2.
Saka skal opp i kommunestyret 24.11.

Foreldre undersøkinga er sent ut til foreldra på mail eller mobil. Purring blir sendt ut.
Svarfrist er i slutten av november.

Ordninga med påmelding til enten skulegudsteneste eller alternativ aktivitet virker å ha fungert godt. Oppsummering av ordninga blir gjort på neste møte

6. Aktuelt frå drifts styret

Fråfall i SFO er større enn det har vore tidligare år, men foreløpig vil ein behalda antal ansette i SFO. Det er fleire årsaker, men arbeidsledigheit og økonomi er årsak i fleire av tilfella. Det kom opp spørsmål om fråfallet og kan skuldast kvalitet og innhald i SFO.

Partnerskap mot mobbing vart diskutert også i drifts styret.

Drifts styret ønskjer å ha fokus på forebyggande arbeid for godt skulemiljø .

BliME dansen var ei kjekk felles aktivitet for Kleppe skule

Økonomien til skulen er ikkje på budsjett pr nå. Planen er at av underskotet skal hentas inn fram til sommaren 2017.

7. Aktuelt frå kommunalt FAU

Det blei diskutert korleis Klepp skulen kan drive for 9 mill mindre i året framover.

Represenatantane fra barnehagar og skular informerte om arbeidet med partnerskap mot mobbing

Satsinga på læringsbrett i skule og barnehage blei drøfta

8. Eventuelt

Det blei stilt spørsmål om elevana får det antall timer med gymnastikk som dei skal ha i følge læreplanen. På enkelte trinn har det vore få gymtimer dei siste vekene.

Det kom inn eit tips til elevrådet om at ikkje alle ønskjer å kjøpe så mykje kaker, men at dei likevel kan være med å støtte elevrådsarbeidet. Så kanskje det kan være eit ekstra valg på avkryssings skjemaet til neste år å betale inn, men ikkje motta kaker?

Det kom ønske om fleire aktivitetar og mindre kafe/kakesalg på akjonskvelden neste år.

